

Kreftkoordinator

Ekstra støtte ved alvorleg sjukdom

Informasjon

til deg som er råka
av kreft eller anna
alvorleg sjukdom



Når du treng hjelp til å meistre ein ny kvardag

Kvart år blir fleire tusen mennesker i Norge ramma av kreft. Å få kreft og å leve med kreftsjukdom, eller anna alvorleg sjukdom, kan vere vanskeleg både for den som er sjuk og for dei pårørende. Tankar og bekymringar rundt sjukdom, behandling, økonomi og praktiske utfordringar er vanleg.

Vi veit at ein fast kontaktperson kan bety mykje i den nye kvardagen ein brått står i, med mange spørsmål og store utfordringar. Nokon treng praktisk hjelp medan andre ønskjer berre å ha ein person dei kan ha samtalar med.

Kreftkoordinator

Kreftkoordinator er utdanna sjukepleiar og har vidareutdanning innan kreftomsorg, og skal bidra til følgjande:

- Å tilrettelegge kvardagen for kreftsjuke og deira pårørande på best mogleg måte.
- Samordne tilbod og tenester rundt kreftpasientane og deira pårørande i kommunen.
- Gode rutinar og system for kreftomsorga i kommunen.

Kva gjer ein kreftkoordinator?

- Gjev støtte, råd og rettleiing til deg som er sjuk og til pårørande
- Bidreg med å legge til rette kvardagen for kreftsjuke og pårørande på ein best mogleg måte i alle fasar av sjukdomsforløpet
- Gjev informasjon om tilbod og tenester - både innanfor og utanfor kommunen
- Samarbeidar med fastlegar, kommunen, sjukehuset, rehabiliteringstenester, Nav og andre
- Bidreg med oppfølging av barn og unge som pårørande

Kreftkoordinator i Stad kommune

Susanne Maria Hove er kreftkoordinator i vår kommune. Susanne gjev hjelp til både deg som er kreftsjuk og dine pårørande. Du kan få hjelp i alle fasar av sjukdommen.



Susanne Maria Hove har kontor på Eid legekantor kvar onsdag og fredag, og ved Selje legekantor torsdag i oddetalsveker.

Kontaktinfo: Telefon 48 11 78 84
susanne.hove@stad.kommune.no

Besøksadresse:

- Eid legekantor:
Bøen 5, 6770 Nordfjordeid
- Selje legekantor:
Seljetunvegen 11, 6740 Selje



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no